



# Kartverket

MELAND KOMMUNE  
POSTBOKS 79  
5906 FREKHAUG

Dykkar ref.:

Vår ref.:      haukri  
Sak/dok.:      8902621/

Dato:  
16.04.2015

## Dokumentet har manglar og kan ikkje tinglysast

### Saka gjeld gnr. 26 bnr. 1fnr. 2 i 1256 Meland kommune

Vi har vurdert kravet om sletting av festeavtala som er sendt inn for tinglysing. Dokumentet har manglar som gjer at vi ikkje kan tinglyse det.

### Kva må til for at dokumentet kan tinglysast?

De må sende oss kopi av festeavtala. Denne bør vera hos Statsarkivet. Det bør også vere med ei utgreiing frå kommunen om de meiner eigedomen er ein festeeigedom i dag.

Hovudregelen er at rettighetshavaren må samtykkje til sletting. Dette følgjer av tinglygingslova § 32. De må leggja ved skifteattest etter rettighetshavarar og eventuelle arvingar må samtykkje til sletting.

Vi ber om at du samstundes tar stilling til om kravet om sletting skal kunngjerast etter tinglygingslova § 32a dersom festeavtala ikkje kan slettast på annan måte. Vi vil då vurdere om det er sannsynleg at festeavtala er bortfalt. Du må då betale kostnaden ved kunngjering i lokalavis.

Kommunen må uttala seg om eigedomen er bygd ut eller ikkje. Saka kan stilla seg litt annleis viss eigedomen er bygd ut, først og fremst med omsyn til spurnaden om dokumentsavgift.

### De kan fasthalde kravet om tinglysing

Sender de dokumentet inn på nytt og fastheld kravet om tinglysing utan at de har retta manglane vi har vist til, vil vi registrere dokumentet mellombels i grunnboka den dagen vi mottek kravet. Vi kan deretter nekte å tinglyse dokumentet. Dette følgjer av reglane i tinglygingslova § 7 og § 9.

### Praktisk informasjon

Vi sender med dette tilbake alle dokumenta. Dersom de legg ved ein kopi av dette brevet når de sender saka inn på nytt, er det lettare for oss å sikre ein effektiv saksflyt.

■ [www.kartverket.no](http://www.kartverket.no)

Statens kartverk Tinglysing, Tinglysing – fast eigedom  
Besøksadresse: Kartverksveien 21 Hønefoss, Postadresse: 3507 Hønefoss  
Telefon: 08700 Telefax: 32 11 88 01  
E-post: [tinglysing@kartverket.no](mailto:tinglysing@kartverket.no) Organisasjonsnummer: 971 040 238

Det er mykje nyttig informasjon på nettsidene våre [www.tinglysing.no](http://www.tinglysing.no). Ta også gjerne kontakt med kundesenteret vårt på telefon 08700. Kundesenteret er ope alle kvardagar frå klokka 09.00 til 15.00. Saksbehandlar har telefon 32 11 83 05.

Med helsing

Statens kartverk Tinglysing

  
Kristina Haugli  
saksbehandlar